



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
24.03.2014

Vår referanse
2013/12301 721.9

Statens helsetilsyn
Postboks 8128 Dep
0032 OSLO

Kommunal praksis når ein ikkje klarar å rekruttera støttekontaktar

Helse- og omsorgstenestelova definerer støttekontakt som ei omsorgstenesta, og støttekontakttenesta er den viktigaste reiskapen i denne lova når det gjeld å hjelpa omsorgstrengande til å få ei meningsfull fritid. Likevel er det ikkje alle brukarar som får støttekontakt, sjølv om dei har fått vedtak om at dei skal få det.

Fylkesmannen i Hordaland har spurt kommunane i Hordaland om kva praksis dei har når dei ikkje klarar å rekruttera støttekontakt til dei brukarane som har fått innvilga støttekontakt. Grunnen til at gjorde denne kartlegginga, var at fleire tok kontakt med oss i 2013 og fortalte om «tomme støttekontaktvedtak».

I denne rapporten til Statens helsetilsyn gjer vi greie for kva kommunane svarte oss. Vi orienterer kommunane i fylket ved å senda dei kopi av rapporten. I tillegg legg vi ut informasjon om kartlegginga på nettstaden vår.

Samandrag

Kartlegginga viser at dei aller fleste som har fått vedtak om støttekontakt også få den støttekontakttenesta dei har vedtak på. Heile 91 prosent av desse brukarane har hatt støttekontakt heile eller deler av tida. Grunnane til at nokre har vore utan støttekontakt ein del av tida kan vera at vedtaket nyleg er fatta, at dei har vore ei tid på institusjon, eller at det tok noko tid å få på plass ny støttekontakt etter at den førre slutta.

Det er likevel ein betydeleg del av brukarane som *ikkje* hadde hatt støttekontakt i samsvar med det dei hadde vedtak om, og desse tilfella utgjer ni prosent. Det er etter måten stor skilnad mellom kommunane; Nokre har meir enn tjue prosent utan støttekontakt i perioden, medan andre kommunar har hatt støttekontakt til alle sine heile tida. Fordelinga kommunane mellom kjem fram i kartlegginga, men vi offentleggjer berre brukartal på fem eller høgare.

Dei aller fleste støttekontakttilfella består av ein brukar og ein støttekontakt som er i lag, men kommunane fortel også om ein del tilfelle der to brukarar er i lag om støttekontakten. Slike tilfelle utgjer om lag åtte prosent. Kommunane fortel også om nokre tilfelle der brukaren har to eller fleire støttekontaktar samtidig, men slike tilfelle utgjer berre ein prosent.

Støttekontakt er ikkje ei eintydig teneste, og vi ser at kommunane tilbyr nærliggjande tenester i ein del tilfelle, til dømes «fritid med bistand». Vi har også fått innspel om at støttekontakt-

omgrepet kan vera belastande for nokre brukarar, og at nemninga i slike tilfelle kan bli erstatta av til dømes treningskontakt eller fritidskontakt.

Kommunane fortel om brukarar og brukargrupper som det ikkje alltid er lett å rekruttera rett støttekontakt til. Det er gjerne lettast å skaffa støttekontakt til utviklingshemma barn utan åtferdsproblem og multifunksjonshemming, medan det kan vera vanskeleg å få klaff når brukaren er rusmisbrukar som har vanskeleg for å halda avtaler og som har utfordrande åtferd.

Berre ein kommune i vårt fylke har ein skriftleg rutine som seier at dersom det har gått ei viss tid sidan vedtaket vart fatta, og støttekontakten ikkje er på plass, så skal kommunen tilby ei alternativ teneste. Ein del kommunar, og særleg blant dei minste, fortel at dei ikkje har hatt behov for slike skriftlege rutinar, for dei har ikkje hatt problem med å skaffa støttekontaktar.

Nokre kommunar fortel om organisasjonsendringar som har betra støttekontaktarbeidet, til dømes ved at fleire og andre avdelingar enn pleie- og omsorgsavdelinga får oppgåver innanfor dette feltet.

På vårt spørsmål om praksisen deira er i samsvar med lover og reglar svarte kommunane gjennomgåande ja, men at det likevel hender at nokon brukarar vert utan støttekontakt over tid. Av og til er det for vanskeleg å finna den støttekontakten som passar i lag med akkurat den brukaren, og av og til takkar brukaren eller pårørande nei til den støttekontakten dei får.

Bakgrunn for kartlegginga

I embetsoppdraga frå Statens helsetilsyn for 2013 og for 2014 er fylkesmennene gitt i oppgåve å innhenta kunnskap om område og problemstillingar som gjeld kommunale omsorgstenester etter helse- og omsorgstenestelova (oppdrag 82.9). Heimel for å innhenta slik informasjon har vi i helse- og omsorgstenestelova § 13-3.

I samsvar med helse- og omsorgstenestelova har alle kommunar plikt til å ha støttekontakt på sitt tenesterepetoar. I følgje lovteksten kjem støttekontakt inn under omgrepet «personleg assistanse». Kva som er støttekontakten sine hovudsoppgåver og målgrupper kjem fram i Stortingsproposisjon 91 L (2010–2011) om helse- og omsorgstenestelova, der det heiter:

«Støttekontaktens viktigste oppgave er som regel å hjelpe den enkelte til en meningsfull fritid. Det kan være et viktig tiltak i forhold til barn, unge og voksne med psykiske problemer, yngre og eldre funksjonshemmede, innvandrere som er ukjent med det norske samfunnet, familier med sammensatte problemer, rusmiddelmissbrukere mv.»

Informasjon frå Statistisk sentralbyrå/Kostra fortel at talet på mottakarar av støttekontakt i Hordaland har lege ganske stabilt på 2600-2700 dei siste åra. Det er likevel stor skilnad mellom kommunane i fylket, frå 1,2 til 12,2 mottakarar av støttekontaktteneste per tusen innbyggjar.

Fylkesmannen i Hordaland valde i slutten av 2013 å kartleggje kva praksis kommunane i fylket har når dei ikkje klarar å rekruttera støttekontaktar. Grunnen til at vi valde å sjå på denne problemstillinga var at vi fekk informasjon frå nokre pårørande til brukarar som hadde fått vedtak om støttekontakt, om at desse brukarane likevel ikkje fekk denne tenesta i praksis. Andre brukarar fekk berre støttekontakt ein del av den perioden vedtaket gjeld for. Difor starta vi hendelsesbaserte tilsynssaker overfor nokre kommunar, og i tillegg fann vi det føremålstenleg å spørja kommunane i vårt fylke om praksis når kommunen ikkje klarar å

rekruttera nok støttekontaktar. Føremålet med kartlegginga var å få oversikt både over omfang og over praksis når det gjeld denne problemstillinga.

Gjennom kartlegginga har vi fått innblikk i situasjonen i nesten alle kommunane i vårt fylke. I tillegg har vi fått ei generell oversikt på fylkesnivå. Denne kunnskapen vil vere til nytte i vårt arbeid som tilsynsinstans, men også som klageinstans og når vi skal gi råd og rettleiing til kommunane.

I rapporten presenterer vi i stor grad svara med sitat frå dei einskilde respondentane, men vi presenterer ikkje små tal på kommunenivå. Difor offentleggjer vi ikkje tal som omfattar færre enn fem personar. Når det er så små tal har vi skrive i sitata skrive om til «nokre brukarar» eller sett inn ein «x».

Gjennomføring av kartlegginga

Kartlegginga vart gjennomført ved at vi i brev sendt på e-post 7. oktober 2013 stilte seks spørsmål til kommunane fylket. Vi har fått meir eller mindre utfyllande skriftlege svar frå 31 av dei 33 kommunane i fylket. Det første svaret fekk vi 9. oktober 2013 (frå Ulvik) og det siste 29. januar 2014. To kommunar fekk vi ikkje svar frå. Dei seks spørsmåla vi stilte hadde desse overskriftene:

1. Vedtak og effektivering
2. Fleire om ein?
3. Noko anna som liknar på støttekontakt
4. Kan de seia noko om kva brukargruppe de har problem å skaffa støttekontakt til, og om de har tankar om kvifor?
5. Alternativ når det ikkje er mogleg å skaffa støttekontakt
6. Vurdering av eigen praksis

Vi presenterer svara på dei seks spørsmåla fortløpande. Svara på dei ymse spørsmåla finn ein på desse sidene:

Kor mange brukarar med støttekontaktvedtak har kommunane i Hordaland?.....	4
Kor mange har vedtak om støttekontakt, men likevel ikkje støttekontakt?.....	5
Fleire om ein.....	9
Noko som liknar på støttekontakt.....	10
Problem å rekruttera støttekontakt?.....	16
Psykisk sjuke.....	17
Brukarar med rusproblem.....	18
Utviklingshemma.....	19
Rørslehemma.....	19
Andre grupper.....	20
Vaksne.....	21
Barn.....	22
Alternativ når det ikkje er mogleg å skaffa støttekontakt.....	23
Kva for alternative tiltak vert sett inn?.....	25
Er praksis i samsvar med lova?.....	28

Kor mange brukarar med støttekontaktvedtak har kommunane i Hordaland?

I første spørsmål ønska vi å få oversikt over kor mange som hadde gyldige støttekontaktvedtak i dei første tre kvartala av 2013, og halda samene tala med det kommunane rapporterte til Statistisk sentralbyrå for 2012. I tabellen under viser første kolonnen tala frå Statistisk sentralbyrå (Kostra) og den andre viser dei tala kommunane rapporterte til Fylkesmannen i samband med kartlegginga:

Kommune	2012	2013
Bergen	1138	1021
Voss	168	145
Fjell	109	142
Lindås	133	141
Kvam	105	121
Os	98	121
Kvinnherad	127	108
Bømlo	106	98
Askøy	232	94
Vaksdal	37	42
Radøy	13	42
Meland	43	39
Ullensvang	26	38
Austevoll	43	37
Øygarden	31	37
Stord	160	34
Tysnes	25	32
Sund	8	28
Fusa	26	26
Sveio	24	24
Odda	17	21
Fitjar	16	15
Jondal	12	12
Etne	10	10
Ulvik	8	7
Samnanger	7	7
Fedje	:	7
Eidfjord	7	6
Granvin	8	5
Osterøy	23	under 5
Modalen	:	under 5
Austrheim	18	Ikkje svart
Masfjorden	10	Ikkje svart
Hordaland	2788	2460

Tala som vi fekk frå kommunane er stort sett i samsvar med det kommunane har rapportert til Statistisk sentralbyrå i Kostra *), men vi fekk likevel store sprik for nokre av kommunane. Dei kommunane som har størst sprik er Askøy, Osterøy, Radøy, Sund og Stord. Vi har ikkje spurt kommunane om årsaka til skilnaden, men det kan skuldast at ikkje alle dei kommunale instansane som har med støttekontakt å gjera var med på rapporteringa, og at nokre kommunar berre har rapportert om støttekontaktvedtak som er fatta i 2013 (og ikkje tatt med støttekontaktordningar der vedtaket vart fatta eit tidlegare år). Sprik i svara frå nokre kommunar er i alle høve ikkje avgjerande for vår kartlegging av omfanget av «tomme støttekontaktordningar».

*) «KOMMUNE STAT RAPPORTERING» er eit rapporteringssystem for norske kommunar og vert brukt på nasjonalt nivå

Kor mange har vedtak om støttekontakt, men likevel ikkje støttekontakt?

Vi spurte kommunane om kor mange støttekontaktvedtak som hadde vore aktiv heile tida, og kor mange som hadde vore utan støttekontakt heile eller deler av tida. Svara fordeler seg slik:

Støttekontakt heile tida	1669	68 prosent
Støttekontakt del av tida	572	23 prosent
Ikkje hatt støttekontakt	221	9 prosent
Støttekontaktvedtak i alt	2460	100 prosent

I tillegg spurte vi om kor mange som var utan støttekontakt på rapporttidspunktet, og fekk til svar at i alt 323 var utan. Dette utgjer 13 prosent av alle som hadde støttekontaktvedtak. Det at så få var utan støttekontakt på rapporttidspunktet viser at dei aller fleste, heile 82 prosent, av dei som hadde vore utan støttekontakt del av tida, på dette tidspunktet hadde støttekontakt.

Det er tolv kommunar som har fem eller fleire brukarar som ikkje har hatt støttekontakt i perioden. Av desse kommunane var det Os og Stord som hadde størst andel (meir enn 20 prosent), medan Bergen, Fjell og Kvam hadde minst (under 10 prosent):

Kommune	Ikkje hatt støttekontakt	Prosent
Os	27	22 %
Stord	7	21 %
Ullensvang	7	18 %
Bømlo	18	18 %
Tysnes	5	16 %
Meland	6	15 %
Voss	21	14 %
Askøy	13	14 %
Kvinnherad	14	13 %
Bergen	65	6 %
Fjell	9	6 %
Kvam	5	4 %

Støttekontaktverksemda i Bergen er i hovudssak fordelt på tre etatar, og fordelinga mellom dei tre etatane viser at det er Etat for tenester til utviklingshemma som har færrest brukarar som manglar støttekontakt:

Etat	Ikkje hatt støttekontakt	Prosent
Heimesjukepleie	29	9 %
Psykisk helse og rus	23	6 %
Utviklingshemma	13	4 %

Dei fleste har hatt støttekontakt heile tida

Kartlegginga viser at dei aller fleste brukarane har hatt støttekontakt heile tida eller delar av perioden kartlegginga omfattar. Berre ni prosent av brukarane hadde vore utan støttekontakt heile tida. Vi bad kommunane kommentera kvifor nokon brukarar har vore utan støttekontakt, og vi fekk svar frå dei fleste kommunane, samt frå dei tre etatane i Bergen. Svara deler seg

grovt sett i to kategoriar:

1. Kommunen klarar ikkje å rekruttera støttekontakt til brukaren
2. Vakanse fordi brukaren har takka nei eller fordi støttekontakten nett har slutta

Dei tilfella der brukaren har vore utan støttekontakt *heile tida* er stort sett i den første kategorien, medan tilfella utan støttekontakt *deler av tida* stort sett er i den andre kategorien.

Fleire respondentar peikar på at støttekontakten og brukaren må passa saman, og at det kan ta tid å finna rett støttekontakt til den einskilde brukar. Eit anna svar som går att er at brukaren, eventuelt pårørende, av ymse grunnar takkar nei til den støttekontakten som kommunen tilbyr eller takkar nei til tilbodet om støttekontakt når det vert ein realitet.

Etat for heimesjukepleie i Bergen melder om 29 brukarar som ikkje har hatt støttekontakt i samsvar med vedtaka dei har fått. Dette er den respondenten som har høgste talet utan støttekontakt, og dei grunnjev dette mellom anna med at støttekontaktbehovet fell bort ved innlegging på langtids plass eller korttidsopphald i institusjon. Etat for heimesjukepleie rapporterer også om brukarar som takkar nei til støttekontakttilbodet, og dei fortel om tilfelle med krav til språkkompetanse (vi har fått høyre om innvandrarar som misser norskkunnskapane sine når dei får demenssjukdom, men som hugsar morsmålet).

Etat for psykisk helse og rustjenester i Bergen er den respondenten som har flest støttekontaktvedtak, i alt 364 vedtak. Også dei fortel om støttekontakttenester som fell bort ved innlegging i institusjon. Dei fortel også om tilfelle der det er behov for støttekontakt med fagleg kompetanse, ein kompetanse som støttekontaktar til vanleg ikkje har.

Os og Stord er dei kommunane som har størst andel brukarar utan støttekontakt. Desse to kommunane rapporterer ikkje om spesielle grunnar, men viser til meir vanlege årsaker slik som: Flytting, dødsfall, avslutta etter ønske frå brukar eller at rekruttering «er under arbeid».

I oversikta under gjev vi att dei grunnane som respondentane sjølv fortel om:

Bømlo: «Fleire av desse som er utan støttekontakt er personar som har vedtak utan sluttdato der det har vore ei stund sidan det har vert støttekontakt.»

Eidfjord (som har støttekontakt til alle som har vedtak): «Me har nytta tilsette som har deltidsstilling hjå oss frå før, tilsette som har slutta grunna alderspensjon og elles personar me eller brukaren kjenner av andre grunnar. Me har nytta lite annonsering, men har gått aktivt ut og spurt folk. Me har då betalt dei løn etter kompetanse og tykkjer at me på denne måten har klart å skaffa oss godt kompetente støttekontakter.»

Fitjar (som ikkje har nokon med vedtak som manglar støttekontakt): «For å rekruttera har me vore aktive, me har spurt aktuelle direkte og me har også fått klienten sjølv til å vera med å spørje i sitt nettverk bl.a.»

Fusa: «Kommunen har prøvd å få til forskjellige gruppetiltak, men tenestemottakarane ynskjer ikkje dette. Dei vil ha støttekontakten for seg sjølv, då dei ofte er med i grupper elles i kvardagen.»

Kvam (der 20 brukarar har hatt støttekontakt deler av tida): «14 born har fått feriekлубbtilbod i 1-3 veker i sommar. 6 personer har fått støttekontakt til terapiridning i vårhalvåret. Av desse er det nokon som har ordinær støttekontakt i tillegg».

Kvinnherad (som har nokre brukarar som ikkje har støttekontakt): «Når det gjeld x som ikkje har hatt støttekontakt, er noko av årsaka at foreldra har signalisert at det ikkje har vore behov.» «Situasjonen rundt x brukarar gjer at iverksetting av vedtaket er satt på vent etter brukars eige ynskje.»

Lindås (som har 38 brukarar som ikkje har støttekontakt): «Av 141 vedtak er det per i dag (15.01.2014) 38 som ikkje har støttekontakt. Nokre har flytta, andre ønskjer ikkje tenesta (13 personar), nokre ønskjer ikkje gruppetilbod når det er det me kan tilby, enkelte har fått tilbod om støttekontakt, men ønskjer ikkje å vere med denne personen og me har ikkje funne alternativ, og for nokre har me ikkje eigna personar til å ta på seg oppdraget.»

Odda (som har nokre brukarar som ikkje har støttekontakt): «Vanskeleg å rekruttera støttekontakt til personer med omfattande hjelpe behov. Heimebuande eldre/demente.»

Os (som har 25 brukarar som ikkje har støttekontakt): «5 av 121 tiltak er avslutta i perioden pga. flytting, dødsfall eller etter ynskje frå brukar.»

Osterøy (som har nokre brukarar som ikkje har støttekontakt): «ikkje klart å få eigna person til oppdraga. Foreldre ynskjer trygge/kjente personar i oppdraget til sine barn.»

Radøy (som har nokre brukarar som ikkje har støttekontakt): «Dei vil ikkje ha støttekontakt likevel.»

Stord (som har nokre brukarar som ikkje har støttekontakt): «Dette er under arbeid.»

Sund (som har nokre brukarar som ikkje har støttekontakt): «Det er x som har vedtak der støttekontakten har uteblitt, og vi arbeider med rekruttering av nye.»

Sveio (som har nokre brukarar som ikkje har støttekontakt): «X har alternativt tilbod (Dekking av bassengleie, dekking av køyreutgifter). X er for sjuk til å nyttiggjera seg tenesta»

Ullensvang (som har 10 brukarar som ikkje har støttekontakt): «Nokre har hatt støttekontakt heile tida, men ikkje hatt støttekontakt/fritidskontakt alle timane dei har fått tildelt. Eksempelvis er det nokre som har både treningskontakt og støttekontakt/fritidskontakt, og det kun er en av delene som har vert iverksett gjennom heile året. Nokre av desse bur i bustad der det er personale som og føl opp fritidsaktivitetar.»

Voss (som har 27 brukarar som ikkje har støttekontakt): «Nokon vil gjerne vente med støttekontakt, andre er midt i mellom skift av støttekontakt.»

Øygarden (som har nokre brukarar som ikkje har støttekontakt): «Har vedtak, har fått x på dagavd. på Tednebakkane omsorgsenter.»

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede (som har 13 brukarar som ikkje har støttekontakt heile perioden, og 15 som ikkje har støttekontakt på rapporteringstidspunktet):

- Nye brukere som ikkje har hatt støttekontakt før. Rekruttering av nye støttekontakter til dem

- Problemer med å finne støttekontakt som passer til bruker ut fra behov og interesser
- Støttekontakt sluttet
- Andre tjenester gitt, for eksempel fra personal i bustad, timeavlastning
- Bruker vil likevel ikke ha støttekontakt
- Avventer. Familien gir beskjed når de ønsker å ta dette opp igjen

Bergen, Etat for hjemmesykepleie (som har 29 brukarar som ikkje har støttekontakt heile perioden, og 33 som ikkje har støttekontakt på rapporteringstidspunktet):

«Noen brukere har takket nei, noen fått tildelt langtidsplass, noen har hatt mange korttidsopphold, behov endret seg i perioden frå vedtak til effektivering, noen har svært spesielle behov» «krav til språkkompetanse hos støttekontakt.»

Bergen, Etat for psykisk helse og rus (som har 23 brukarar som ikkje har støttekontakt heile perioden, og 48 som ikkje har støttekontakt på rapporteringstidspunktet):

- Noen ikkje tildelt støttekontakt grunnet innleggelse i institusjon i hele perioden etter vedtaksfating. Uklar utskrivelsesdato.
- Kan bli opphold i forbindelse med bytte av støttekontakt
- Kan bli opphold i forbindelse med at søker må få annet støttekontakttilbud.
- Noen av de som har fått vedtak kan av ulike årsaker ikkje benytte seg av tilbudet de får tildelt; har behov for støttekontakt med kompetanse ut over ordinær støttekontaktkomptanse (som i utgangspunkt er ufaglært, men personlig egnet).
- Noen ganger er rekruttering vanskelig på grunn av svært spesifikke ønsker fra søker.
- Det kan være utfordrende å rekruttere til søkere som bor usentralt, da støttekontaktene ønsker kort reiseveg.
- Noen ganger ønsker ikke søker å benytte den tildelte støttekontakten (takker nei), og det må arbeides vidare for å rekruttere ut i fra søkers spesifikke ønsker.

Fleire om ein

Tradisjonelt tenkjer vi at støttekontakt er ei ein til ein-teneste, slik at ein brukar er i lag med støttekontakten sin på ein eller fleire aktivitetar. Det er likevel mogleg å organisera tenesta slik at to eller fleire brukarar er i lag om ein og same støttekontakt samtidig. Dessutan kan ein tenkje seg tilfelle der brukaren har så omfattande behov at ho eller han treng hjelp frå to eller fleire støttekontaktar når dei skal på ein aktivitet. Vi stilte kommunane i Hordaland om kor mange tilfelle det var to om ein på denne måten.

Kor mange tilfelle har kommunen der to eller fleire brukarar har ein og same støttekontakt samtidig?

Svara viser seg at det er ein del slike tilfelle. Kommunane svarte at dei i alt har 88 tilfelle, men det kjem fram at tiltaka er ulikt fordelt mellom kommunane: Elleve kommunar har ingen, ni kommunar har ein, fire har to og ein kommune har tre. Dei resterande 67 tilfella er slik fordelt:

Lindås	25
Bergen	14
Sund	10
Askøy	7
Os	6
Voss	5

Etat for tenester til utviklingshemma har 9 av dei 14 tilfella i Bergen.

Det kjem ikkje fram kvifor Lindås og Sund kommunar har så mange tilfelle der to eller fleire brukarar har ein og same støttekontakt samtidig.

Dersom vi tek utgangspunkt i at alle desse støttekontaktane har to brukarar, medfører det at om lag åtte prosent av dei 2239 brukarane som fekk støttekontakt var to brukarar i lag med ein støttekontakt. Likevel er det slik at støttekontaktverksemd i all hovudsak er ein støttekontakt i lag med ein brukar. Dette gjeld i meir enn nitti prosent av tilfella.

Kor mange tilfelle har kommunen der ein brukar har to eller fleire støttekontaktar samtidig?

Kommunane svarte at dei i alt hadde 31 slike tilfelle: Sytten kommunar har ingen, åtte kommunar har ein, fem har to og Bergen kommune har tretten. Etat for tenester til utviklingshemma har 5 av dei 13 tilfella i Bergen.

Dei 31 tilfella der brukaren hadde to eller fleire støttekontaktar samtidig, utgjer berre om lag ein prosent av dei 2239 brukarane som fekk støttekontakt.

Ein kommune fortel om tilfelle der brukaren har ein støttekontakt, men i tillegg har ein av personalet i bufellesskapet med seg på aktiviteten. Vi spurte ikkje om slike tilfelle, så det kan henda at fleire kommunar har ordningar der ein av personalet følgjer brukaren i tillegg til støttekontakten.

Noko som liknar på støttekontakt

Støttekontakt er heimla i same paragraf i helse- og omsorgstenestelova som praktisk bistand og heimehjelp, under samleomgrepet personlig assistanse. Slik var det ikkje før helse- og omsorgstenestelova tredde i kraft 1. januar 2012. No er altså støttekontakt å rekna som ein av fleire måtar å yta personlig assistanse på. Slik sett er støttekontakt ein av fleire måtar å yta kommunal hjelp til å få aktiv fritid og til å bryta sosial isolasjon, det som er avgjerande er at brukaren får dekt sine nødvendige behov på dette området.

Vi ser at det er vanleg å leggja inn støttekontaktoppgåver i tenesta «brukarstyrt personleg assistanse», og det er ikkje uvanleg at miljøpersonale i bufellesskap har som oppgåve å hjelpa brukarar/bebuarar til fritidsaktivitetar. Kommunen har gjerne ei grense for kor mange timar hjelp ein brukar må ha før kommunen gir hjelp i form av brukarstyrt personleg assistanse, og då er det naturleg å leggje støttekontakttimane inn i berekninga. Det å nytta miljøpersonale i bufellesskap til å hjelpa brukarar til fritidsaktivitetar, kan medverka til at brukaren får færre hjelpearar å måtta forhalda seg til, og det kan vera ei løysning når kommunen har problem med å rekruttera støttekontaktar.

For å få oversikt over kva tenestetilbod kommunane har som liknar på støttekontakttenester, stilte vi følgjande spørsmål til kommunane: «*I kva grad har kommunen andre tenester som ivaretek om lag same funksjon som støttekontaktar, og som også er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nummer 6 b?*»

Nokre av dei tenestene som kommunane viser til er anten ei presisering av tradisjonelle støttekontaktoppgåver eller i grenselandet til tradisjonelle støttekontaktoppgåver. Fleire kommunar fortel at dei kallar støttekontakten for fritidskontakt eller treningskontakt. I tillegg til at desse nemningane peikar på aktivitet, kan det sjå ut som om det å ha fritidskontakt og treningskontakt er mindre belastande enn å ha støttekontakt for nokre brukarar. Ullensvang skriv til dømes at: «*Ullensvang herad har valt å kalle tenesta støttekontakt fritidskontakt, då brukarane opplever dette namnet som mindre stigmatiserande.*»

Svara frå kommunane viser fleire tenester enn miljøarbeid og brukarstyrt personleg assistanse som skal ivareta om lag same funksjon som støttekontaktar. Oversikta under viser kva dei ymse kommunane svarte på spørsmålet:

Askøy: Fritidstilbod/støttekontakt på ettermiddagstid ved dagsenter. Fleire får tilbudet saman. Blir vedtak som støttekontakt.

Austevoll: Bufellesskapet i kommunen tek nokre oppgåver der det er vanskeleg å få støttekontakt. Me kaller ikkje det noko anna enn praktisk bistand. 8 personar har BPA.

Bømlo: Brukarstyrt personleg assistanse

Etne: I einskilte høve ville ein kalle støttekontakttiltaket for «fritidskontakt» etter ønskje frå brukar. Me har også miljøtiltak, heimla i §3-2 6b: «praktisk bistand og opplæring»: dette gjeld fleire brukarar innan «Miljøarbeidstenesta». Dei bur i eigen bustad og treng noko oppfølging. Nokre av desse har også støttekontaktteneste.

Fitjar: BPA, døgkontinuerleg omsorg, Praktisk bistand, miljøarbeid, med 1:1 og 2:1 bemanning.

Fjell: Støttekontakt i grupper, som vi kallar Fritidsassistentar. Der det er hensiktsmessig og brukar sjølv er nøgd med eit slikt tilbod vert det fatta vedtak etter §3 -2 nr 6b. Vi har følgjande gruppetiltak i drift per d.d.

- Fotball
- Handball
- Bading i terapibasseng
- Musikk
- Solsikka klubben (for barn/unge med utviklingshemming primært)
- Gutteklubben (for gutar ASF)
- Jenteklubben (for jenter med sosiale vanskar – ASF)
- Sosial rettleiing for nokre ASF

Fusa Kommunen har brukarstyrt personleg assistent som eit tiltak, men dette er nytta i liten grad. Kommunen har ein del aktivitetar i regi av Tiltak for funksjonshemma som går under Praktisk bistand, men som ivaretek noko av den same funksjonen. Dette er til dømes Idrettsskule, Fritidsklubb for psykisk utviklingshemma, Handballtrening og andre aktivitetar som konsertar og andre sosiale tilstelningar.

Idrettsskule og Fritidsklubb er også lågterskeltilbod ein tilbyr til fleire som ikkje har vedtak på Helse – og omsorgstenester.

Jondal: Brukerstyrt personlig assistanse

Kvam: Ferieklubb inntil 3 veker sommar, terapiridning (fylgje), treningskontakt

Kvinnherad Aktiv fritid, Inn på tunet. Fritid med Bistand. Ulike gruppetilbod (gardsgruppe, treningsgrupper) og treningskontakt.

Lindås: Praktisk bistand og opplæring i bufellesskap. Aktivitetsbasert avlastning for born og unge.

Modalen: Innan psykisk helseteneste har me nytta begrepet ”miljøarbeid” om tiltak som er beslekta med støttekontakttiltak, men der tenesta også omfattar personleg assistanse i form av aktivisering, adl-trening og praktisk hjelp.

Odda: Vi har fritidskontakter som er knytt til faste aktivitetar, som svømming, riding mm

Os: Nokre brukarar vil få dekkja oppfølging i forhold til fritid gjennom sitt vedtak om personleg assistanse(BPA)eller vedtak om oppfølging i bustad knytt til bufellesskap. Dette er i hovudsak personar med diagnose psykisk utviklingshemming, men også innan for psykiatri. Dette er då gjerne personar som har 1 til 1 bemanning.

Osterøy: Brukerstyrt personlig assistanse

Radøy: Personleg assistenter. Aktivitetsbasert avlastning. Miljøpersonalet i bufellesskap. Fritid med bistand. Treningskontakt.

Samnanger: Brukerstyrt personlig assistanse

Stord: Symjegruppe. Treningsgruppe i sportssenter.

Sund: Jentegruppe og fotballgruppe. Betalt SFO. Avlastning på ettermiddagstid i avlastningsbustad. Følgje på fritidstiltak.

Sveio Bassengleie, køyregodtgjersle, miljøarbeid.

Ullensvang: Ullensvang herad har valt å kalle tenesta støttekontakt fritidskontakt, då brukarane opplever dette namnet som mindre stigmatiserande.

Ulvik: Ope aktivitetstilbod, miljøarbeidar.

Vaksdal: Brukerstyrt personlig assistanse.

Voss: Miljøarbeid og praktisk bistand og opplæring utført som miljøarbeid.

Øygarden: Dagtilbod for demente

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede:

- Brukere i bofellesskap har sosiale aktiviteter hjemlet i HOTJL § 3-2, 6b som felles teneste, dvs støttekontaktnorm innbakt i tjenesten til de som bor i bofellesskap, og som ikkje har støttekontakt
- HOTJL § 3-2, 6b: Praktisk bistand
- Støttekontakt i gruppe, vedtakene har same hjemmel som støttekontaktvedtakene

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester:

- Treningskontakt.
- Har gruppetilbud for ungdom med Aspergergers syndrom i samarbeid med Kulturkontoret. (vedtak på støttekontakt individuelt eller gruppe)
- Andre støttekontaktgrupper
- Gårdstilbud i gruppe (vedtak på støttekontakt individuelt eller i gruppe)
- Praktisk bistand/opplæring
- Brukerstyrt Personlig Assistanse (BPA)
- I noen tilfeller blir det innvilget avlastning på timebasis til foreldre med tyngende omsorgsoppgaver, dette blir gitt som støttekontakt – med samme betingelser og godtgjørelse.
- Vi har et gruppetiltak der hver bruker har støttekontakt med seg inn i aktiviteten. Der gis det mulighet for at støttekontaktene kan vikariere for hverandre noenganger (at en støttekontakt har ansvar for to brukere) - men da etter avtale med bruker/pårørende og de andre støttekontaktene.

Bergen, Fritid med bistand, Nav Fyllingsdalen: Vi har tiltaket «Fritid med Bistand», som er et 3-årig prosjekt. Tiltaket går ut på å hjelpe brukere inn i fritidsaktiviteter - uten å bruke støttekontakter. Dette er en billigere metode som vi frem til nå har tilbudt 24 deltakere. De har fått et tilbud om oppfølging i en fritidsaktivitet, enten på et lag, i en organisasjon, klubb eller gjennom frivillige aktører. De får oppfølgig frem til de er inkludert i fritidsaktiviteten og kan mestre den alene. På den måten sparer vi penger da vi ikke trenger støttekontakt til de 24 som har fått tilbud om Fritid med Bistand. Derfor er tallet på antall støttekontaktvedtak lavt hos oss, da vi i første rekke tilbyr Fritid med Bistand. Fritid med Bistand er hjemlet i helse og omsorgstjenesteloven § 3-2 nr 6 b.

Tiltak etter ein annan paragraf og tiltak som er ulovheimla

Samtidig som vi stilte spørsmål om støttekontaktliknande tenester som kommunane gjev med heimel i same paragraf som støttekontakt, så spurte vi kva tenestetilbod kommunane har som liknar på støttekontakttenester, men som *ikkje* er heimla i same paragraf som støttekontakt. Vi stilte dette spørsmålet til kommunane: «*I kva grad har kommunen andre tenester som ivaretek om lag same funksjon som støttekontaktar, men som ikkje er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nummer 6 b?*»

Også på dette spørsmålet viser svara frå kommunane til eit omfattande tenesterepertoar, der dei fleste tiltaka ikkje er heimla i helse- og omsorgstenestelova. Nokre av tiltaka *er* heimla i helse- og omsorgstenestelova, men i ein annan paragraf enn støttekontakttenesta. Den tenesta som kommunane viser mest til er avlastning, og då vert det vist til både døgnavlastning og timeavlastning i heimen eller utanfor heimen. Andre tenester kommunane viser til er heime-sjukepleie, omsorgslønn og tiltak innanfor psykisk helse.

Dei fleste tiltaka kommunane viser til er ulovhjemla aktivitetstilbod og fritidstilbod. Mange av tiltaka er målretta til ei eller fleire brukargrupper med særlege behov, som til dømes idrett for utviklingshemma eller dagtilbod for demente. Fleire respondentar nemner innsats frå frivillige og verksemde til frivillighetssentralar.

Svara frå kommunane fortel om omfattande innsats i Hordaland overfor personar med særlege behov innanfor kultur, fritids- og sosialsektoren, og det utanom helse- og omsorgstenestelova. Det er såleis ikkje slik at dei som står utan støttekontakt, nødvendigvis står utan eit tilbod.

Oversikta under viser kva dei ymse kommunane svarte på spørsmålet:

Bømlo: Avlastingsbustaden - nokon av dei som har tilbod her blir tatt med på fritidsaktivitetar. Dette er heimla under helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nummer 6 d. Det finnest også frivillige som tilbyr besøksteneste. Dette er Diakonien og frivillighetssentralen.

Etne: «Frivillige» er også brukt, og me har eit nært samarbeid med Frivilligssentralen i kommunen. Me har for tida ikkje BPA-ordning/personleg assistent.

Fedje: Nokre i målgruppa deltek i lavterskeltilbod på «Hjartebanken», eit dagaktivitetstilbod til mange brukargrupper.

Fitjar: Kommunen har tilfelle med 100 % døgnavlastning, (utenom skulen) som er eit butiltak med 2:1 bemanning, kjøp tenester privat, dei dekkjer alle behov også fritid. Heimla som avlastning, 6.b- p. d.

Fjell: Psykiatrisk dagsenter. Asperger-treff vaksne.

Kvam: Lavterskeltilbod utan heimel og vedtak: ulike kulturtilbod frå kulturkontoret som ungdomsklubb, Boccia og siste tilbod i haust Ungdomsklubben. Målgruppa 13 – 20 år. Tiltaket er eit samarbeid med Samnanger kommune.

(Ungdomsklubben ser vi for oss på litt sikt som eit gruppetilbod der fleire som har vedtak om støttekontakt kan vera ilag, ikkje 1:1 oppfølging – dersom dette vert gjennomført vert tenesta heimla som støttekontakt)

Kvinnherad Aktiv ung – avslutta prosjekt retta mot unge med overvektspromblematikk, muskel- og skjelettplager eller inaktivitetspromblematikk

Lavterskel tilbod. Gruppetilbod til unge vaksne med ulike aktivitetar 1 gang per veke, Golfgruppe, PU handballag, PU fritidsklubb.

Lindås Fritidskalendaren (psykisk helse, vaksen), Fotball (vaksne og born, utviklingshemma), Bocchia (vaksne utviklingshemma). Dette er aktivitetar ein kan delta på utan å ha vedtak.

Meland: Vi har samarbeid med frivillige organisasjonar og jobber med en ordning med økonomisk støtte for organisasjonar som stiller med treningskontakter.

Modalen: Heimesjukepleien har i nokon tilfeller litt overlappande funksjon der brukaren som utgangspunkt har vedtak om helsetenester i heimen etter § 3-2 pkt 6 a), men der tenesta også ivaretek ein viss sosial omsorgsfunksjon/personleg assistanse. Dette gjeld særskilt heimebuande eldre med begynnande demens.

Odda: Vi har aktivitetstiltak/ trening , dvs trening med rusmiddelavhengige

Os Dagplass på servicesenteret i Gamleheimshagen(eldre+demente). Dagsenter for psykisk utviklingshemma på Kuhnle. Dagsenteret Kontakto (psykisk sjuke) heimla i tenester om helsehjelp.

Osterøy: Miljøarbeidar heimla i § 3-2 nr 1 til nr 6 / rusmiddelavhengig.

Radøy: Miljøpersonalet i bufellesskap og personlege assistentar. Besøkstenesta (Frivillighets-sentralen).

Stord: Fritidsklubb for utviklingshemma (mandagsklubb og onsdagsklubb), Kor for utviklingshemma (Festivo), Handball for utviklingshemma. Klubb for utviklingshemma (Torsdagsklubben)

Sveio: Dagsenter psykisk helse (§ 3-2, nr. 5), miljøarbeid psykisk helse (§ 3-2, nr. 5/6 a), avlasting (§ 3-2, nr. 5 d), omsorgslønn (§ 3-6), BPA (§ 3-8)

Tysnes: Hjelpetiltak i barneverntenesta.

Ullensvang: Heradet har ei kommunal særordning om fritidsriding. I hovudsak har det vore brukarar med rørslehemming og psykisk utviklingshemming som har nytta dette tilbodet. Nokre av dei som ikkje har hatt fritidskontakt/ støttekontakt har nytta seg av dette tilbodet.

I tillegg har heradet fritidsklubb på kveldstid kvar 14 dag. Målgruppa er personar med psykisk utviklingshemming. Utgangspunktet har vore at deltakarane har med fritidskontakten/ støttekontakten på fritidsklubben, men når det har vore tilfeller der nokon ikkje har hatt fritidskontakt, har dei likevel fått vera med, og leiarane for klubben har teke ansvar for dei.

For personar med psykiske helseproblem har heradet dagtilbod 1 gong pr veke. Tenesta er organisert som ei kommunal særordning. På dagtilbodet er det aktivitetar av ymse slag. Mellom anna handarbeid, turar, matlaging, bingo og sosialt samvær. Dagtilbodet gjev tenester til om lag 10 personar. Nokre av desse har støttekontakt/fritidskontakt i tillegg

Vaksdal: Dagsenter for eldre. Frivillighetsentralen.

Voss: Avlastningstilbud

Øygarden: Kommunen har kjøpt tenest frå The Dale Oen Experience, men midlar frå Fylkesmannen. Dei gjev aktivitetstilbod ein gong i veka til 7 ungdomar i alderen 12-16 år. Dette er eit «lavterskeltilbod». Fleire av ungdommane her, har vore utan støttekontakt ei tid. Me kallar det :The Dale Oen Experience sitt aktivitetstilbod.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede: Timeavlastning i hjemmet, timeavlastning utenfor hjemmet.

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Timeavlastning i hjemmet, Besøkshjem. Følge til aktivitet.

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester: Besøksvenn fra Røde Kors. Treffstedet, som tilbyr turer, matservering og mange forskjellige aktivitetsgrupper.

Problem å rekruttera støttekontakt?

Grunnen til denne kartlegginga er at brukarrepresentantar fortalte Fylkesmannen om til dels lange periodar utan støttekontakt. Når Fylkesmannen i slike enkelttilfelle spør kommunane får vi gjerne til svar at dei ikkje har klart å rekruttera støttekontakt i det aktuelle tilfellet, men at dei til vanleg klarar å skaffa støttekontaktar. Dette var bakgrunnen for at vi spurte kommunane om: «*Kan de seia noko om kva brukargruppe de har problem å skaffa støttekontakt til, og om de har tankar om kvifor?*»

Kommunane gav oss mange og utfyllande svar, og vi fekk dessutan eit visst innblikk i kven støttekontaktane i Hordaland er. Ein av respondentane (Fritid med bistand, Nav Fyllingsdalen) svarte at det gjerne er «jenter mellom 17 og 23» som vil bli støttekontakt, og med litt nyansar vert dette stadfesta av dei andre respondentane. På den andre sida ser det ut til at det er særleg vanskeleg å rekruttera vaksne menn til å bli støttekontakt. Det er likevel ikkje uråd å få vaksne menn til å ta på seg støttekontaktoppdrag, og som Voss kommune skriv: «når det klaffar, så varar kontakten lenge, og er ofte av høg kvalitet».

Ikkje alle støttekontaktoppdrag går til ufaglærte. Til dømes skriv Odda kommune at: «*Til utviklingshemma med omfattande og samansette behov, har vi ofte rekruttert frå fagmiljøet.*» Fordi det i utgangspunktet ikkje er kompetansekrav til kven som kan bli støttekontakt er det mange andre grupper enn kvinnelege studentar som kan ta slike oppdrag, og Øygarden kommune skriv til dømes at «Mange av støttekontaktane er uføretrygda».

Kommunane fortel at dei kan ha større eller mindre problem med å rekruttera støttekontaktar til alle brukargrupper. Særleg når det gjeld psykisk sjuke brukarar kan støttekontaktoppgåva vera, som Osterøy kommune skriv; eit «krevjande og utfordrande oppdrag». Fleire respondentar skriv støttekontaktoppdrag med behov for fagleg kompetanse, men då beveger vi oss eigentleg bort frå tradisjonelle støttekontaktoppdrag. Etat for psykisk helse og rustenester i Bergen fortel om brukarar som eigentleg er for sjuke til å nyttiggjera seg av støttekontakttenester. Dei fortel også om brukarar som ikkje greier å bruke tenesta kontinuerleg, med det utfall at støttekontakten sluttar.

Fleire peiker på at brukargruppa med rusproblem som ei ustabil gruppe som har vanskeleg for å halda avtaler. Fusa kommune skriv om rusmisbrukarar med problemåtferd som har behov for støttekontaktar med spesielle eigenskapar eller kompetanse. Ullensvang herad fortel at denne gruppa nyttar seg i stor grad av treningskontaktar. Ullensvang herad arrangerte kurs for treningskontaktar for nokre år tilbake, og heradet har lukkast med å rekruttera mellom kursdeltakarane.

Psykisk utviklingshemma er kanskje den gruppa det er lettast å rekruttera støttekontakt til, men også innanfor gruppa utviklingshemma kan det vera vanskeleg å skaffa støttekontakt, til dømes til multifunksjonshemma og brukarar med utagerande åtferd.

Når det gjeld rørslehemma brukarar fortel fleire av kommunane om problem med transport, og då særleg når det gjeld brukarar med store rullestolar.

På spørsmålet om andre grupper det er problematisk å rekruttera støttekontakt peika kommunane på autistar, asbergers og gutar med adhd, men også på til dømes eldre/demente. Ein kommune har ikkje fått til å rekruttera støttekontaktar som kan teiknspråk, og ein annan kommune fortel at det er vanskeleg å rekruttera støttekontaktar til mannlege brukarar. I Bergen

kommune fortel Etat for hjemmesykepleie om vanskar med å rekruttera støttekontakt til brukarar av utanlandsk opphav som ikkje snakkar norsk.

På spørsmålet om vanskar med å rekruttera støttekontakt med omsyn til om brukaren er barn eller vaksen (dvs. under eller over 18 år), kjem det fram at det er lettast å rekruttera støttekontakt til barn, og at dette kan ha samanheng med at det som oftast er ungdom som tek på seg å vera støttekontakt. Bømlo kommune skriv til dømes at: *«Det er ofte ungdommar som går på vidaregåande som søker mest om å bli støttekontakt. Dei har sjølv ofte eit ynskje om å vera støttekontakt til yngre.»*

I oversikta under refererer vi dei fleste svara frå kommunane, fordelt på brukargruppe:

Psykisk sjuke

Askøy: Deres psyk. tilstand er av en slik art at det kan være vanskelig å finne egnet støttekont.

Bømlo: Er utfordring å få tak i støttekontakt til denne gruppa.

Etne: Det einaste som kan opplevast problematisk å finne støttekontaktar til, er for dei med psykiske lidningar, men der er ingen som ikkje har støttekontakt for tida.

Fusa: Vi har personar i denne gruppa som manglar støttekontakt pr. i dag. Utfordringane når det gjeld desse er: Åtferdsproblem som kan omfatta utagering av og til, spesielt på materielle ting, kriminalitet osv. Krev personar med spesielle eigenskapar/kompetanse. Vanskeleg å forhalda seg til personar som ein ikkje kjenner frå før. Lite nettverk å rekruttera frå. Krevjande å vera i lag med av ulike grunnar. Gjer at folk vegrar seg for å ta på seg oppdrag når det gjeld desse personane.

Lindås: I nokon grad. Dette handlar om store avstandar i kommunen, alder på støttekontakt, når på døgeret ein ønskjer tenesta.

Odda: Ofte mangel på kompetanse, og støttekontakt kan ha vanskar med å setja grenser. Og til tider mangelfull rettleiing

Os: I hovudsak vaksne brukarar. Der ei utfordring er at ein har fleire unge som ynskjer å bli støttekontakt enn vaksne.

Osterøy: Til tider problem da det er krevjande og utfordrande oppdrag.

Radøy: Behov for innsikt i psykiske problem (fagkompetanse).

Sund: Ikkje attraktivt - fleire som er støttekontakt vil heller vere ekstravakt pga. løn/tillegg. Kan ikkje nytte alle pga at vi treng kompetanse.

Ullensvang: Det har vore noko utfordrande å skaffe nok støttekontaktar til personar med alvorlege psykiske lidningar.

Vaksdal: Utad kan vera vanskelege oppdrag

Voss: Vanskelig å lage faste avtaler/rutiner. Ikke alltid enkelt å finne motivasjon hos bruker. Hjelper med støttekontakter med faglig bakgrunn, som ikke er enkelt å finne.

Øygarden: Kan vera vanskeleg å finna ein god match for somme.

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester:

- med komplekse utfordringer
- barn, som er for syke til å nyttiggjøre seg tjenesten
- som ikkje greier å bruke tjenesten kontinuerlig, ved opphold sluttet støttekontakten

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede: Vaksne utviklingshemmede med tilleggsdiagnose psykiske lidelser

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Eldre med psykiatriske diagnoser

Brukarar med rusproblem

Askøy: Problemer med å finne egnede personer

Bømlo: Er utfordrande å få tak i støttekontakt til denne gruppa.

Fusa: Åtferdsproblem som kan omfatta utagering av og til, spesielt på materielle ting, kriminalitet osv. Krev personar med spesielle eigenskapar/ kompetanse.

Kvam: svært krevjande oppgåve å ta på seg, usikkerhet, frykt

Odda: Ustabil gruppe, vanskeleg å forholde seg til avtaler

Sund: Vansker med å rekruttere til denne gruppa, men mange blir og teken i vare gjennom psykiatritenesta pga dobbeltdiagnose og det som gjeld psykiatri gjeld og her.

Ullensvang: Denne gruppa nyttar seg i stor grad av treningskontaktar. Det vart arrangert kurs for treningskontaktar for nokre år tilbake, og heradet lukkast med å rekruttere frå kursdeltakarane.

Vaksdal: Utad kan vera vanskelege oppdrag

Voss: Uforutsigbarhet gir det vanskelig å lage faste avtaler. Ofte sammensatte problemstillinger. Hjelper med støttekontakter med faglig bakgrunn, som ikke er enkelt å finne.

Bergen, Fritid med bistand, Nav Fyllingsdalen: Vi har sett at det kan være en utfordring å finne støttekontakter som ønsker å jobbe med rusmiddelavhengige, da mange har gjort seg noen tanker og holdninger om rusmiddelavhengighet og vold og kriminalitet. Derfor er støttekontaktene og skeptisk, og noen redd for å ta slike oppdrag. Samtidig når jeg ringer støttekontakter som ikke har haket av for at de ønsker å jobbe med rusavhengige, så opplever jeg at de blir mer åpen for det etter å forklart ting litt mer, og de fleste villige til å prøve. Det ser ut som litt mer informasjon i det første møte med Stk.avdelingen, om det å være støttekontakt for rusmiddelavhengige kan gjøre det lettere å rekruttere videre og for at støttekontaktene haker av for at de og ønsker å jobbe med mennesker med rusmiddelproblematikk.

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester: som ikkje greier å forholde seg til avtaler

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede: Vaksne utviklingshemmede med tilleggsdiagnose ruslidelser

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Oppgis som problematisk fra en av sonene. Vanskelig å overholde avtaler.

Utviklingshemma

Austevoll: Utviklingshemma med tilleggsproblem. Det er vanskeleg å få vanleg støttekontakt til desse sidan dei vert rekna som krevjande brukarar (utagering, kommunikasjonsvaskar m.m.)

Fjell: Godt vaksne personar med utviklingshemming og multifunksjonshemma. Generelt er det mykje lettare å skaffe støttekontakt til barn og unge.

Fusa: Finna nokon i rett aldersgruppe og kjønn. Om ein for eksempel vil drive med aktivitetar som krev støtte i garderobe osv. eller fordi personen ynskjer ein av same kjønn av andre grunnar. Støttekontakt og tenestemottakar må ha kjemi og noko felles interesser.

Lindås: I nokon grad. Her kjem òg inn kven som søker, åtferd og utfordringar hjå den som har vedtak.

Odda: Til utviklingshemma med omfattande og samansette behov, har vi ofte rekruttert frå fagmiljøet.

Radøy: Dei med store utfordringar, medisinske og adferdsproblem.

Samnanger: Rørslehemma og utviklingshemma (i kombinasjon), vanskeleg å finna egna støttekontaktar pga. komplisert sjukdomsbilde.

Stord: Treng vaksne støttekontaktar til dei som manglar, ikkje lett å rekruttera.

Sund: Ikkje attraktivt - fleire som er støttekontakt vil heller vere ekstravakt pga. løn/tillegg. Kan ikkje nytte alle pga at vi treng kompetanse.

Sveio: Multifunksjonshemma

Ullensvang: Denne gruppa har det vore størst utfordringar med rekruttering av støttekontaktar. Det gjeld spesielt ei gruppe som krev at støttekontakten har kompetanse på bruk av naudsynte hjelpemiddel, og som periodevis har behov for tilsyn av helsepersonell opptil fleire gonger dagleg.

Voss: Multifunksjonshemma er en utfordring, for å skape trygghet og god kvalitet av fritidsaktivitetar er brukaren ofte avhengig av kjente personert. Ofte er det personale som utfører støttekontaktoppgøret, mot at de behalde sin timelønn.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede: Alvorlig grad av utviklingshemming og lite verbalt språk

Rørslehemma

Askøy: Noen ganger kan det skyldes at det blir for tungt/vanskelig å komme ut på aktiviteter. Mangler muligh. å transp. rullestol, har ikke bil.

Fusa: dette kan vera utfordrande på fleire felt. Når det gjeld aktivitetsmoglegheit på ein liten stad som Fusa – spesielt om vinteren, transport

Kvinnherad: Kan være vanskeleg, då det krev hjelpemiddel og særskilt tilrettelegging.

Lindås: I liten grad. Utfordringa her ligg på avstandar og køyring.

Stord: Noko vanskeleg dersom oppdraget inneber forflytting.

Voss: Utgangspunktet ingen spesiell utfordring

Øygarden: Kan vera vanskeleg dersom brukar har tunge hjelpemiddel. Mange av støttekontaktane er uføretrygda og vegrar seg for tunge løft.

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester: dersom støttekontakten ikkje har/kan benytte/ønsker å benytte egen bil under oppdraget.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede:

- Ved behov for store rullestoler / hjelpemidler
- Sterkt multifunksjonshemmede

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Kan være et problem der brukar har stor grad av funksjonshemming, mht aktivitetsbegrensninger.

Andre grupper

Bømlo: Kor personen som treng støttekontakt bur har også noko å seie. Dersom det er i utkantane og med lang og dårleg veg er det ofte noko dei som søker om å bli støttekontakt vegrar seg for. Det er og ei utfordring å ta tak i mannlege støttekontaktar.

Kvam: Brukarar innan autismespekteret. Vanskeleg å finne gode aktiviteter, krevst mykje oppfølging og vegleing. Vanskeleg å motivera brukar til ulike aktiviteter gjer det vanskeleg å rekruttera. Gruppetilbod er aktuelt.

Kvinnherad: Geografi og avstandar i ein langstrakt kommune, kan gjere det vanskeleg å matche behov og muligheter.

Grappa vi har problem med å skaffe støttekontakt til er gjerne dei som har både fysisk og psykisk lidning. Utfordringane er gjerne at brukar har spesielle ynskjer i forhold til kva eigenskapar støttekontakten skal ha. Det er ikkje alltid mogleg å skaffe støttekontaktar med dei eigenskapane. Nokre brukarar har krevande utfordringar om krever spesiell kompetanse av støttekontakten. Det er ei utfordring for oss å få utdanna helsepersonell til å arbeide som støttekontaktar på fritida. Nokre har vedtak men ynskjer av ulike personlege grunnar å avvente situasjonen litt.

Lindås: Eldre med eller utan demensproblematikk. Vanskar med å finne personar som kan ta dette på seg. Ein treng livserfaring for å jobbe med denne gruppa.

Meland: Ingen spes. brukerggruppe, men størst utfordring å få tak i menn.

Odda: Eldre/demente

Osterøy: Asbergers - ikkje krav til fagkompetanse som støttekontakt - gir rettleiing, men av erfaring er det ikkje nok for og takle krevjande adferd.

Sund: Eldre: Har stort sett gått greitt, men her er få søkjarar. Hørselshemma: Store vansker å rekruttere folk som har tegnspråkkompetanse gjer det nesten umogleg å få til tiltak. Har prøvd via kompetansemiljø på Hunstad skule for å rekruttere, men ikkje lukkast.

Sveio: Gutar med ADHD, då det er ein utfordring å rekruttera unge menn, som denne gruppa gjerne ønskjer, og her er det og stor turnover hjå støttekontakter.

Ulvik: Generelt vanskeleg – ingen grupper som peikar seg ut. Ein finn som regel fram til ein person i samråd med brukar/familie som frå før har ein relasjon til brukar.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede:

- Personer med særlig utfordrende atferd
- utfordringer knyttet til kommunikasjon med bruker eller pårørende
- Oppdrag som krever kompetanse ifht sondeernæring
- Omfattende helseoppgaver og / eller smittefare

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Brukere av utenlandsk opprinnelse som ikke snakker norsk. Brukere som har både rus-og psykiatriske problemstillinger.

Vaksne (over 18 år)

Askøy: Ofte problematisk å rekruttere voksne personer.

Bømlo: Det er mest utfordring å finne støttekontaktar til dei over 18 år. Det er ofte ungdommar som går på vidaregåande som søker mest om å bli støttekontakt. Dei har sjølv ofte eit ynskje om å vera støttekontakt til yngre. Det blir og vurdert kven søkjar kan passa å vera støttekontakt til og at det ikkje blir sett ungdommar på rus og psykiatri. Få timar i veka og lønn kan og vera ein årsak på at det er utfordrande å få tak i nok støttekontaktar til vaksne.

Fjell: Mange som melder seg som støttekontakt er relativt unge, og ønskjer å vere støttekontakt for personar som jamgamle eller yngre.

Odda: Det er alltid lettast å rekruttera, viss ein kjenner til personen.

Voss: Eldre einslege menn vil gjerne ha eldre menn som støttekontakt og det er ein utfordring å rekruttera dei. Men når det klaffar, så varar kontakten lenge, og er ofte av høg kvalitet.

Bergen, Fritid med bistand, Nav Fyllingsdalen: opplever at mange støttekontakter har en tanke om at det å være støttekontakt innebærer å være det for barn og ungdom. Mange er ikkje klar over at vaksne og eldre også kan ha et slikt behov. Derfor tror jeg at en av grunnene til at hovedtyngden av søkerne er unge jenter mellom 17 og 23.

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester:

- Spesielt brukere over 30 år. De fleste som tar støttekontaktoppdrag er unge studenter i alderen 18-25.
- Vanskelig å rekruttere menn i alderen 30-50 år.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede: Større problem med å skaffe støttekontakt for voksne enn for barn, særlig voksne menn

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Større problemer med å skaffe støttekontakt til voksne.

Barn (under 18 år)

Fitjar: Barn/heilt unge med lettare funksjonshemming kanskje lettast? Kanskje mest spurt etter av unge som kan tenka seg slik jobb? Største faktoren er likevel at folk har ikkje tid.

Fusa: Ein ser at det ofte kan vera teneleg med litt yngre støttekontaktar, til dømes når ein del av målsettinga er integrering med jamnaldrande i aktivitetar, delta på treningar osv. Ser at vi gjerne skulle hatt fleire menn i alderen frå 18 – 30 som støttekontaktar

Jondal: Har til dels vært problem å skaffe unge støttekontakter til denne brukergruppen. Mange har andre jobber. De har lekser og fritidsaktiviteter.

Kvam: Brukarar med særlege og samansette utfordringar

Kvinnherad: Unge mellom 10-18 år – utfordrande gruppe på grunn av alder.

Odda: Det er denne gruppa dei fleste ønske å vera støttekontakt til

Osterøy: Med Asbergersyndrom.

Voss: Kan vera en utfordring fordi støttekontakten trenger bil for å hente barna. Det er mange støttekontaktar som ikkje har bil eller ikke har lyst å bruke sin bil under oppdrag, særlig om vinteren.

Øygarden: Barn og unge med diagnosar i autismespekteret. Nokon av dei gjev lite respons og er vanskeleg å få motivert til aktivitet. Ungdommar som tek på seg desse oppdraga tenkjer at dei gjer ein dårleg jobb når dei ikkje får tilbakemeldingar hjå brukar.

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester:

- med utfordrende atferd
- kan være utfordrende med individuelle støttekontakter til barn, god erfaring med grupper.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede: Barn med omfattende behov for kompetanse knyttet til særlige helsemessige utfordringer eller utfordrende atferd

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Oppgis av en sone som problematisk.

Alternativ når det ikkje er mogleg å skaffa støttekontakt

Vi stilte desse to spørsmåla: «*Har kommunen fast praksis for å setja inn ei alternativ teneste når det ikkje er mogleg å skaffa støttekontakt? Kor lenge prøver de å skaffa støttekontakt før de startar arbeidet med å finna alternativ?*»

Det første spørsmålet er eit ja/nei-spørsmål, men svara frå kommunane deler seg i tre kategoriar: Om lag halvparten svarte nei, om lag halvparten svarte korkje ja eller nei, og ein kommune svarte ja. Bergen kommune, som svarte ja, skriv at kommunen skal skaffa støttekontakt innan tre månader etter at vedtaket er fatta. Dersom kommunen likevel ikkje klarar dette, skal kommunen kontakta brukaren og tilby alternative tiltak.

Det kjem fram at i nokre kommunar er ikkje dette ei aktuell problemstilling at er umogleg å skaffa støttekontakt. Dei fortel at kommunen klarar å skaffe støttekontakt til dei som får vedtak, anten med ein gong, eller i alle fall innan rimeleg tid.

Vi fekk desse svara frå kommunane:

Askøy: Ikkje fast praksis å finne alternativ teneste. De blir satt på venteliste mens det arbeides med å finne støttekontakt.

Austevoll: Me har ikkje fast praksis på dette, men vurderer det opp mot kvar einskild brukar. Me har ikkje noko tidsgrense for kor lenge me prøver å få støttekontakt, men vurderer saka kvar gong me får nye støttekontaktar. I desse tilfella får brukar melding om at me ikkje har støttekontakt, men me tek kontakt dersom situasjonen endrar seg. Der behovet er størst set me inn alternative tiltak.

Bømlo: Har ikkje noko fast praksis på dette.

Fedje: Nei, ingen fast praksis. Nyttar lokal kunnskap/kjennskap. Prøver å koble dei som har eller kan få gode relasjonar. Har ikkje tidsavgrensing.

Fitjar: Me arbeider ofte parallelt, men folk må nok vente i perioder. Me har og godt samarbeid med frivillegsentralen for bl.a. eldre.

Fjell: Kvar søknad vert vurdert i lag med søkjar om kva som er ønskjeleg og hensiktsmessig. Nokre gongar vil det innebere at søkjar får tilbod om støttekontakt i grupper. Dersom det går lang tid (ca ½ år) før vi klarer å finne rett person til oppdraget, vil vi i samråd med brukar og pårørande gå gjennom alternativ (som gruppetiltak og andre tenester).

Fusa: Nokon gonger set ein inn tiltak med ein gong mens ein ventar, andre gonger etter 3 mnd. ca. Nokon gonger har ein ikkje satt inn tiltak.

Granvin: Dei som har søkt om støttekontakt har fått innvilga tilbod.

Jondal: Nei

Kvam: Pr. idag har kommunen få alternative tiltak. Å finne støttekontakt er ein kontinuerleg prosess.

Kvinnherad: Nei, vi har ikkje faste rutinar på det, men vi fylgjer tett opp søkjar for å kartlegge om det er mogleg å nytta nokre av dei andre tilboda vi har. Vi starter jobben så snart vi ser at det blir vanskelig, ingen fast tid som f.eks 4 veker. Dette er prosess jobbing der vi sjølv gjerne går inn å tar brukar med på tur, kafe eller heimebesøk, dersom vi ikkje får på plass støttekontakt.

Vi arbeider kontinuerleg med å skaffe støttekontakter. Dette fordi dei fleste har eit behov, som strekk seg langt fram i tid/ langsiktige behov. Vi jobbar med å vurdere alternativ i kvar enkelt sak, med fokus på behov hos brukarane og geografiske muligheter.

Lindås: Me prøver å setje inn støttekontakt snarast råd, men det er ikkje alltid mogleg. Kommunen har ingen fast praksis for å tilby alternativ teneste når det ikkje er mogleg å skaffa støttekontakt. Dette vert vurdert individuelt i det enkelte tilfelle.

Meland: Nei, ingen fast praksis, ingen fast tidsramme på kor lenge vi freistar finne støttekontakt.

Modalen: Alternativ teneste som ”miljøarbeid” gjennom fast tilsette i kommunen si helse og omsorgsteneste har vore gjort når det har vore vanskeleg å finna støttekontakt, eller i ventetida før ein får engasjert støttekontakt.

Odda: Det kan variere frå mnd til inntil eit år

Os: Nei. Vi vil her ta med at vi frå juli mnd 2013 har tilsett ein person som jobbar med rekruttering og oppfølging av tiltaka på fulltid. Dette har alt før til at ventelista er redusert med over halvparten. Kommunen har også omorganisert støttekontakttenesta. I dag ligg rekruttering og oppfølging av tiltaka på Kultureininga, medan Bestillar- og forvaltarkontoret fattar vedtaka. Kommunen legg no vekt på å jobba mot ei støttekontaktteneste der ein også har fokus på gruppetilbod.

Osterøy: Nei – da me legg vekt på at støttekontakt skal gå til fritidsaktivitetar. Har ikkje tidsavgrensa det.

Radøy: Koble på ei gruppe / annan etablert støttekontakt. Koble på Fritid m/bistand. Kan gå fort dersom brukar/familie vil det.

Samnanger: Det har ikkje vore store problemer med å finne støttekontaktar, alternativ har ikkje vore nødvendig å vurdere for storparten av gruppa.

Stord: Har ikkje hartt fast praksis etter omlegging av støttekontakttenesta, men gitt tilbod om t.d. symjegruppe – alt etter funksjon/interesse. Kor lang tid det går blir vurdert individuelt.

Sund: Vi arbeider kontinuerleg med å rekrutere støttekontaktar, og startet umiddelbart opp med å finne alternative løysningar.

Sveio: Tidsaspekt for alternativ er behovsprøvd individuelt. Sjå rutinebeskrivelse av 09.02.06. (I denne står det mellom anna: «I samråd med brukar/føresette kan ulike alternativ vurderast. Alternativa vil ikkje vera relevante for alle brukarar, og må vurderast individuelt.»)

Tysnes: Bruker personalressursar innafor området funksjonshemma, psykisk helse og sosial tenesta el. familie, viss vi ikkje greier å skaffe støttekontakt.

Ullensvang: Kommunen har ingen fast praksis, men gjer alt me kan for å skaffe støttekontaktar. Me har annonser i lokalavisa med jamne mellomrom, me har annonse på heradet si heimeside, ringer personar som har vore tidlegare, og kontaktar av og til lokale lag og organisasjonar for å høyre om dei har anbefalingar om personar som passar til å vera fritidskontaktar. Me spør og brukarane om dei har ynskjer om kven som kan vera.

Me har over nokre år og hatt eit samarbeid med folkehøgskulen der elevar har vore fritidskontaktar gjennom skuleåret. Dessverre har ikkje dette vorte fulgt opp i 2013, noko som har resultert i at mange no står utan tilbod. Elevane ved folkehøgskulen har i stor grad greidd å dekke inn behovet tidlegare år, og me har i tillegg hatt støttekontaktar som har stått på venteliste for å få oppdrag.

Vaksdal: Ein prøver heile tida. Liten kommune og best resultat om einingar direkte etterspør personar. Liten respons på annonsering.

Voss: Vi har ingen faste rutiner, men et godt samarbeid mellom forvaltningskontoret og teneste for støttekontakter. Vi diskutere hver vedtak for seg, og som regel revurderer vi de vedtak som ikke lykkes å finne en støttekontaktordning til , etter 3 måneder.

Øygarden: Me prøver til me finn. Søkjer kontinuierleg etter kandidatar til oppdrag

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester: Det gjøres forsøk på å skaffe støttekontakt i maksimalt 3 måneder før enheten tar kontakt med søker, med forslag om andre alternative, midlertidige tiltak.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede: Kommunen har fast praksis, og utarbeidede rutiner for dette.

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Ulik praksis omkring dette, men man har dialogen med Forvaltningsenheten. En sone rapporterer at etter at kommunen fikk ordningen med sentral rekruttering av støttekontakter oppleves det at tilgangen på støttekontakter er bedret.

Bergen, Fritid med bistand, Nav Fyllingsdalen: I de tilfellene brukeren har spesifikke behov for støttekontakt, får den tilbud om det. (hvis ikke får de tilbud om Fritid med Bistand) Vi prøver å skaffe støttekontakt frem til vi finner riktig person. Dette kan ta alt fra 1 uke til 3 måneder.

Kva for alternative tiltak vert sett inn?

Mange av respondentane fortel at dei tilbyr andre kommunale omsorgstenester til dei som kommunen ikkje klarar å rekruttera støttekontakt til. For brukarar som bur i bufellesskap kan dette bety at kommunen set inn auka ressursar i bufellesskapet, og at brukaren får følge av personale på fritidsaktivitetar.

Fleire svarar at i tilfelle med barn kan dei tilby ekstra avlastning, medan vaksne kan få tilbod om dagsenter eller dagaktivitetstilbod.

Fleire respondentar fortel om innsats frå frivillige og frå lag og organisasjonar.

Dei forskjellige kommunane svarte slik på spørsmålet om kva for alternative tiltak dei set inn når dei ikkje klarar å rekruttera støttekontaktar:

Austevoll: Praktisk bistand frå bufellesskap. Heimehjelp. Besøk av psykiatrisk sjukepleier.

Bømlo: Tiltak som kan bli sette inn kan vera i dei tilfella der den som har fått vedtak om støttekontakt bur i bustad der det er personell som jobbar. Då har det vert gjort i nokre tilfeller at personell får desse timane til å disponera dei på brukars fritid.

Etne: Me har ikkje alternative tenester, anna enn at i einstilte høve har me oppmoda om frivillige eller besøksteneste. Generelt i helse/sosialtenesta i kommunen har det, i alle fall i seinare tid, ikkje vore problematisk å rekruttera støttekontaktar. I ei lita kommune som Etne har me større nærleik og kjennskap til behova til brukarane og me finn som oftast ei/ein støttekontakt innan nettverket deiras eller vårt. Etter me fekk ein vidaregåande skule her i kommunen, ble det fleire søkjarar til stillingane. Me har opplevd at det er mest formålstenleg å avertera etter støttekontaktar gjennom heimesida til kommunen.

Fedje: Meir tilsyn frå for eksempel pleie/omsorg/psykiatri. Tilbod om dagaktivitet.

Fitjar: Då vert det frivillige hjelpearar, det er slike som også vert nytta som følgjepersonar til lege, polikl. etc. Event praktisk bistand til konkrete oppgåver/einskildhøve. Me har bl.a. nokre få timar «SFO» for vidareg-, her brukar me assistent i skulen vidare som løna støttekontakt. Dette har synt seg vanskeleg å organisera.

Fjell: Gruppetiltak. Sosial rettleiing og trening (ASF i hovudsak)

Fusa: Ein samarbeider med Tiltak for funksjonshemma og med Psykisk helseteneste om at dei kan få dekka timar til å ta med personar på aktivitetar om dei har kapasitet til dette. Elles har ein gjeve tilbod om å delta på Idrettsskule og på Fritidsklubb for nokon.

Kvam: Små born har vi i enkelte tilfeller innvilga avlastning i privatheim nokre timar – vanskeleg med støttekontakt. Eldre kan få tilbod om dagopphald.

Under arbeid gruppetilbod: utvikling av Ungdomsklubben (sjå tidlegare) og tilbod i samarbeid med Framnes vidaregåande skule om gruppetilbod til nokre av borna på mellomtrinnet som vi sliter med å finne støttekontakter og gode aktiv. til. Skulen har ei naturlinje og vi ser på om 2-3 av elevane kan ha 4-5 born ilag. Målgruppa vil vera dei med lettare utviklingshemming, autismespekteret. PPT tek på seg oppgåvo med opplæring og vegleiing.

Kvinnherad: Aktivitetsgrupper, Fritid med Bistand, Frivilligsentral, Nytte kontaktar i nettverket til brukar.

Vi har brukt nokre private aktørar/sjølvtendig næringsdrivande innanfor området fritid/avlastning i enkelte saker.

Lindås: Nokre får tilbod om aktivitetsbasert avlastning, avlastning i institusjon, praktisk bistand (heimehjelp), psykisk helseteneste, fritidskalendar. Ikkje alle ønskjer alternativ.

Modalen: Me har hatt gode erfaringar med å samarbeide med nabokommunar om støttekontakt, der me får tips frå nabokommunar om kva personar dei har hjå seg som allereie er engasjert, og som me har teke direkte kontakt med og engasjert hjå oss.

Odda: Samarbeid med lag og organisasjonar. Eller andre tenester etter HOTL §3-2.

Radøy: Koble ved. på treningsstudio m/veiledning første gang. Anbefale å gå på etablerte grupper på treningsstudio.

Samnanger: For rørslehemma og utviklingshemma med komplisert sjukdomsbilde, som bur i heildøgnteneste, er det ekstra fokus frå personalet si side om aktivisering og deltakelse i egna aktivitetar.

Stord: Tilset i desse dagar 2x20% fritidsassistentar som skal arbeida med å gje gruppetilbod.

Sund: Vi har to gruppetiltak for utviklingshemma – ein jentegruppe og ein fotballgruppe. I psykiatritenesta/rus gjer ein ekstra oppfølging td. personalressurs til å følgje på aktivitet utanfor heimen.

Sveio: Sjå rutinebeskrivelse av 09.02.06.

Tysnes: Alternativt friviljuge.

Vaksdal: Meir heimhjelp, dagsenterplass, BPA, frivillighetssentralen, besøkstenesta Røde Kors.

Voss: Miljøarbeid, eller gruppetiltak.

Øygarden: Dei som kan, får tilbod om deltaking i grupper organisert av Friskliv og frivilligsentralen. Dagavdeling på TBOS er eit alternativ for demente. Grappa til TDOE fungerer for born og unge.

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester:

- Aktivitetssenter/dagsenter med tilbod om følge av enhetens koordinator for støttekontakter.
- Deltakelse i kommunalt arrangert turgruppe/middagsgruppe/ect. med mulighet for følge av enhetens koordinator for støttekontakter.
- Andre organiserte tiltak med følge av enhetens koordinator for støttekontakter.
- Tiltak i regi av frivillighetssentralen.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede:

- Timeavlastning individuelt eller i gruppe
- Tjenester til fritid gitt frå personale tilknyttet bofellesskap
- Støttekontaktnorm innbakt i tjenesten til de som bor i bofellesskap og ikkje har støttekontakt

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Der det er alternative muligheter, settes som regel inn timeavlastning, hjemmesykepleie eller besøkshjem. Kommunen har retningslinjer og rutine for tildeling av støttekontakt. Ved manglende effektivering av tildelingsvedtak gjelder følgende rutine: Dersom det ikke er mulig å rekruttere støttekontakt og igangsette tjenesten innen de frister som fremgår av vedtaket, skal utfører kontakte bruker og forvaltningsenhet for å drøfte om det kan gies alternative tjenester. Har søker rettskrav på tjenester, skal alternative tjenester som kan dekke behovet tildeles. All dialog omkring effektivering av vedtak mellom bruker, forvaltningsenhet og utfører skal alltid dokumenteres i Profil i ”plan-rapport”. Ved midlertidig opphør eller stans i tjenesten, skal utfører sette oppdraget på midlertidig opphør.

Er praksis i samsvar med lova?

Som siste spørsmål bad vi kommunane vurdere om praksisen deira er i samsvar med forvaltningslova, pasient- og brukarrettslova og med helse- og omsorgstenestelova. Det gjennomgåande svaret frå kommunane er at ja, praksisen deira er i samsvar med lover og reglar, men at det likevel hender at nokon brukarar vert utan støttekontakt for lenge. Av og til er det for vanskeleg å finna den støttekontakten som passar akkurat den brukaren, og av og til er brukaren eller pårørande selektive og takkar nei til den støttekontakten dei får.

Fleire svar fortel om organisasjonsendringar som har betra støttekontaktarbeidet i kommunen, og om organisasjonsendringar som er under utvikling. Ei oppgåve som einskilte meiner dei kan verta betre på er rettleiing og oppfølging av støttekontaktane, men denne oppgåva krev at kommunen set av meir ressursar til slikt arbeid.

Svara frå respondentane på dette siste spørsmålet er:

Askøy: Vi har en god praksis i kommunen. Utfordringen ligger i å få rekruttert støttekontakter, og at det ikke skal bli for lang ventetid for de det gjelder.

Austevoll: Kommunens praksis samsvarer stort sett med lovane, men det er tilfelle der me ikkje klarer å få gode nok tilbod innan rimeleg tid.

Bømlo: Kommunen har ikkje klart å fylgt opp støttekontaktane med faste samtalar eller treffpunkt. Rettleiing har blitt tatt meir på telefon eller på møte etter behov. Tenestekontoret og Barne- og familietenesta har drøfta det å gå ilag om å ha temakveld med støttekontaktane i kommunen.

Etne: Vurdering av praksis i kommunen er i samsvar med lovar som det er vist til

Fedje: Så langt som muleg er vedtak fatta i samsvar med gjeldande lover/reglar

Fitjar: Ja me meiner at vår praksis er i samsvar med lovverket fullt ut. I dei periodane me ikkje finn løysingar samarbeider me nært med pårørande, og gjer kva me kan, vurderer alternative tilbod saman med dei. Men at me ikkje kan «trylle» er fakta, og i små perioder ikkje finn løysing det har skjedd. Me har og døme på at me har kunne gje gode alternativ, men pårørande er veldig selektive og takkar nei.

Fjell:

Forvaltningslova:

Vi har gode rutinar for å sikre at Forvaltningslova vert halde. Søknader vert handsama fortløpande, og vi sender førebels svar der det er bruk for det. Det vert sendt ut førehandvarsel i god tid før revurdering av vedtak med oppmoding om tilbakemelding.

Pasient – og brukarrettslova:

Det vert kontinuerleg arbeid for at søkjarar får rett teneste til rett tid. Vedtak vert fatta etter at søkjar og eventuelt pårørande er blitt høyrte. Det vert vurdert at praksisen er i samsvar med lovverket.

Helse – og omsorgstenestelova:

Kommunen tilbyr naudsynt hjelp på eit forsvarleg nivå. Behov vert vurdert utifrå hjelpebehov, og vurderinga vert gjort utifrå gjeldande praksis (den som ikkje dra omsorg for seg sjølv eller er heilt avhengig av praktisk og personleg hjelp for å meistre dagleglivet har krav på hjelp).

Vi ser likevel at vi har utfordringar i å fylle alle innvilga vedtak når det gjeld støttekontakt. Vi gjer ei kontinuerleg rekruttering, men klarer ikkje fullt ut å rekruttere nok eigna tiltakspersonar. Dette vert forsøkt kompensert ved at vi har støttekontakt i grupper som kan vere gode alternativ til den individuelle støttekontakta.

Fusa: Kommunen ser at det går for lang tid før ein del av tenestemottakarane som har rett på det får støttekontakt og ein bør ha ei rutine på kor lang tid det skal ta før ein set i verk alternative tiltak. Ein ser også at ein bør ha rutine på å skriva nye vedtak i dei tilfeller der ein ser at alternative tiltak vil vera av ein meir varig karakter. Samstundes meiner vi at ein må sjå kvart enkelt tilfelle for seg og at det heller ikkje er hensiktsmessig å bruke resursar på å setta inn eit anna tiltak eller ein annan person som ikkje tenestemottakar ynskjer å nytta berre for at ein skal halda lovkravet. Det skal vera eit mål med tenesta og den skal vera tilpassa den enkelte. Fusa kommune gjer mykje for å rekruttera støttekontaktar og har det siste året klart å skaffa mange nye.

Granvin: Kommunen har ein god praksis på dette.

Jondal: Ja. Praksisen i vår kommune er i tråd med gjeldene lover og forskrifter

Kvam: Vurderer at praksis stort sett er tilfredsstillande. Kommunen har vedteke forvaltar-kontor som er i oppbyggingsfasen. Målet er å profesjonalisera sakshandsaminga meir.

Kvinnherad: Vi vurderer at vi utfører arbeidet så godt vi kan i forhold til gjeldande lovverk. Grunna ulike utfordringar hos brukarar kan det være vanskeleg å finne støttekontaktar og andre frivillige, men vi jobbar kontinuerleg med dei vanskelege sakene. Dei fleste sakene løyser seg over tid.

Vi vurderer at vi ivaretek lovverket i stor grad. Vi gjennomfører individuelle vurderingar, og jobbar med å møte behov. Vi gir veiledning til oppdragstakarane for å ivareta kvaliteten på tilbudet. Vi har opplevd det å setje i gong grupper for støttekontaktar og brukarar som nyttig.

Lindås: Vi har praksis for å sende førebels svar på søknader dersom saka ikkje kan handsamast innan 4 veker. Alle som vert vurdert til å fylle vilkåra for støttekontakt får innvilga slik teneste. Det vert opplyst om klagerett i alle vedtak. Vurdering av om ei anna teneste enn støttekontakt ev. kan vere meir hensiktsmessig vert gjort i samråd med søkjar/brukar.

Meland: Kommunen er klar over at vi plikter å legge til rette for alternative tjenester dersom en ikkje klarar å skaffe støttekontakt innen rimelig tid, men må innrømme at en ikkje har klart å følgje opp dette.

Modalen: Etter vår vurdering driv me i samsvar med gjeldande lovverk. Det har ikkje vore situasjonar der brukar over tid har stått utan tilbod etter at vedtak er fatta.

Odda: Vedtak vert fatta i samsvar med gjeldande lovgiving.

Os: Vi sakshandsamar alle søknader og gjev den enkelte eit skriftleg svar på kva ein er innvilga evt. har fått avslag på. Dersom vi ikkje kan svare innan fristen vil dei få melding om lengre sakshandsamingstid og årsaka til det. Brukar/brukars tals person er med i

søknadsprosessen og får lagt fram sitt syn i saka. Her får dei også sagt noko om deira syn på det å ha ein til ein-tiltak eller eit ynskje om å delta i eit gruppetiltak. Dette vert gjort ved samtale på kontoret, eller heimebesøk om ein ynskjer det. Etter avgjer i vedtaksgruppa får søkjar eit skriftleg vedtak om avgjerla i saka. Her blir ein også informert om klageretten. Vi informer også i vedtaket om kva vi gjer i forhold til å rekruttere ein støttekontakt. Dette gjeld dersom søkjar i ein periode må stå på venteliste. Dei får også oppgitt namn og tlfnr til den som har ansvaret for iverksetting dersom ein har spørsmål rundt dette. Vi vil også her ta med at vi frå juli mnd 2013 har tilsett ein person som jobbar med rekruttering og oppfølging av tiltaka på fulltid. Dette har alt ført til at ventelista er redusert med over halvparten. Kommunen har også omorganisert støttekontakttenesta. I dag ligg rekruttering og oppfølging av tiltaka på Kultureininga, medan Bestillar-og forvaltarkontoret fattar vedtaka. Kommunen legg no vekt på å jobba mot ei støttekontaktteneste der ein også har fokus på gruppetilbod

Osterøy: Søknader blir vurdert opp mot gjeldane lovverk ut i frå behov søkjar har.

Radøy: Praksis fungerer i samsvar med lovverket.

Samnanger: I avd. for funksjonshemma er rutinar og praksis i samsvar med lovverket, slik vi vurderer det.

Stord: Praksis er mykje betre etter at den er flytta frå heimetenesta/kundetorget til kultur. Nye vedtak blir raskt effektuert – kun saksbehandlingstid på gamle vedtak, som andre har hatt vanskar med å effektuere tidlegare, er framleis vanskelege.

Sund: Vi arbeider med å få ein felles forvaltning og praksis på støttekontaktarbeidet i Omsorgstenesta, dvs. psykiatri og noko rus, funksjonshemma og utviklingshemma og eldre. Vi har på alle område prøvd å innfri dei krav som lovverket gjer, og vi har derfor nytta t.d alternative støttekontakttiltak i påvente av individuell støttekontakt for at brukarar ikkje skal vere utan alternativ. Boliger både for utviklingshemma og psykisk sjuke gjer ekstra oppfølging når vi står heilt utan. Når det gjeld ande blir dei invitert med på aktivitetsdagar men og på aktivitetar som er i regi av frivillige organisasjonar mm

Sveio: I høve vedtak om støttekontakt, fattar kommunen dette på bakgrunn av individuell behovsvurdering. Då støttekontakt er eit tiltak/teneste med til dels store utfordringar når kjem til å rekruttera utøvarar, vil det alltid vere ein fare for at ein ikkje klarar å iverksetje vedtaket innan rimeleg tid etter at vedtak er fatta. Sveio kommune sin praksis er basert på dialog med dei det gjelder, i høve gode løysingar for å dekkja det initielle behovet.

Tysnes: Ja, me meiner det.

Ullensvang: Ullensvang herad vurderer det slik at me heile tida tilstreber å ha ein praksis i samsvar med lova. Likevel er det slik at heradet ikkje har nok støttekontaktar pr. d.d. Det vert kontinuerleg arbeid for at alle som får vedtak skal få eit tilbod. Likevel tek det noko tid å finne personar som er villegg til å binde seg til å vera støttekontakt over ein lengre periode.

Me opplever at me til dels har ein låg terskel for å innvilge vedtak om støttekontakt. Eksempelvis får brukarar som bur i bustad med personale som og ivaretek fritidsaktivitetar innvilga støttekontakt.

Heradet har såleis ein veg å gå når det gjeld å gje tenesta støttekontakt til dei som er vurdert å ha rett på denne.

Ulvik: Praksis i samsvar. M.a. krav om politiattest i samsvar med § 5-4.

Vaksdal: Stk.tenesta er diverre blitt eit venstrehandsarbeid. Me klarer i liten grad å fylgje opp stk. på ein tilfredsstillande måte.

Voss: Vi vurderer vår praksis for og rundt vedtak for støttekontaktar som tilfredsstillande og innanfor lovenes rammer. Vi bør være flinkare til å lære opp støttekontaktar og rettleia de oftare og meir systematisk. Grunn til at dette ikkje fungere optimalt er fordi tall støttekontaktar og vedtak har økt betrakteleg de siste 3 åra, og tid og ressursar for oppfølging er ikkje i tråd med utviklinga av teneste.

Øygarden: Me meiner at me er innanfor lovverket i forhold til vår praksis. Det er vanskeleg å få det til når ein ikkje finn rett person til eit oppdrag. Likevel får alle eit tilbod om noko aktivitet.

Bergen, Etat for psykisk helse og rustjenester:

- Det vurderes at Bergen kommune følger lovverket, og at vi har en forsvarlig praksis.
- Støttekontaktene mottar grunnopplæring fra Avdeling for støttekontakt, og har tilbud om veiledning både individuelt og i grupper fra enhetens støttekontaktkoordinator.
- Tjenesten sikres gjennom godt samarbeid mellom enhetene og etatens forvaltningsavdeling.

Bergen, Etat for tjenester til utviklingshemmede: Vi vurderer at vår praksis pr. dags dato er i samsvar med ovenfornevnte lover, og at det er gode rutiner i henhold til tjenesten.

Vi erfarer at vi i langt større grad enn tidligere lykkes med å rekruttere støttekontakter, sjølv om det i et fåtall tilfeller kan være vanskelig å finne riktig støttekontakt til enkelte brukeres behov og interesser.

Bergen, Etat for hjemmesykepleie: Ja, vi mener vår praksis er i samsvar med lovgivningen.

Bergen, Fritid med bistand, Nav Fyllingsdalen: Praksis på Nav Fyllingsdalen ift det å finne støttekontakt, ansette, tildele og oppfølge, er i samsvar med lovverket. Vi har per dags dato et godt og bredt tilbud til brukerne våre som ønsker en meningsfull fritid. Både Fritid med Bistand, individuell oppfølging av støttekontakt, treningskontakt eller brukerstyrt assistent, samt to gruppetilbud for Lar-brukere.

Jeg anbefaler alle avdelinger/seksjoner som jobber med støttekontakter, å søke eller opprette en Fritid med Bistand-stilling. Dette kan være besparende for kommunen og samtidig bra for brukeren da vi ønsker at flest skal kunne inkluderes og delta selvstendig i selvvalgte fritidsaktiviteter.

Sluttkommentar

Helse- og sosialavdelinga til Fylkesmannen har i 2013 og ved starten av 2014 hatt fokus på støttekontaktsituasjonen i Hordaland. I tillegg til den nytten vi sjølv har av dette arbeidet, vil vi tru at kartlegginga har medverka til auka fokus på støttekontaktarbeidet i kommunane.

Alt er ikkje på stell når det gjeld støttekontaktarbeidet. Både kommunane og Fylkesmannen har eit forbettringspotensiale. Likevel er kanskje støttekontaktsituasjonen blitt betre? Vi avsluttar med eit synspunkt som illustrerer dette: Etat for tjenester til utviklingshemmede i Bergen skriv at dei no har fått på plass gode rutinar og at dei «*i langt større grad enn tidligere lykkes med å rekruttere støttekontakter, sjølv om det i et fåtall tilfeller kan være vanskelig å finne riktig støttekontakt til enkelte brukeres behov og interesser.*»

Med helsing e.f.

Helga Arianson
fylkeslege

Øystein B. Jacobsen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrifter.

Kopi til kommunane i Hordaland